



KLUBBHÅNDBOK

FOR

HANDBALLGRUPPA

INNHALD

- 1. VISJON**
- 2. VERDIGRUNNLAG**
- 3. MÅLSETJING**
- 4. ORGANISASJON**
 - 4.1 Årsmøtet
 - 4.2 Styret
 - 4.3 Sportsleg utval
 - 4.4 Valnemd
 - 4.5 Funksjonar knytt til kvart einskild lag
- 5. HANDLINGSPLAN**
- 6. DUGNAD**
 - 6.1 Generelt
 - 6.2 Førdecup
 - 6.3 Sommarfesten
 - 6.4 Romjulscupen
 - 6.5 Handballotteriet
- 7. ØKONOMI**
 - 7.1 Generelt
 - 7.2 Honorar/godtgjersle i FIL handball
 - 7.3 Treningskontingent
 - 7.4 Lisens
 - 7.5 Medlemskontingent FIL
 - 7.6 Betaling av dommar(ar)
 - 7.7 Kostnadar ved transport til bortekampar
 - 7.8 Sponsorar
 - 7.9 Billettsal ved heimekampar
 - 7.10 Bot og gebyr
- 8. UTSTYR**
 - 8.1 Avtale og innkjøp av sportsutstyr
 - 8.2 Treningsutstyr/materiell i Førdehuset.
 - 8.3 Personlig utstyr/materiell
 - 8.4 Kjøp av spelardrakter
 - 8.5 Dommarutstyr
- 9. INFORMASJON**
 - 9.1 Internettside
 - 9.2 Årshjulet

Vedlegg

KJÆRE HANDBALLVENER !

Førde IL - Handball har i dei seinare åra hatt stor vekst i tal aktive og lag. Vi er no meir enn 350 aktive fordelt på 25 lag.

Alt arbeid i handballgruppa er basert på frivillig arbeid.

Styret i handballgruppa set stor pris på ditt engasjement enten det er som medlem i styret, trenar, oppmann, spelar, foreldre, supportar eller støttespelar (sponsor).

Med utgangspunkt i godt samarbeid og god støtte frå alle, ynskjer vi at våre born og unge skal oppleve Førde IL- handball som :

Eit positivt og inkluderande fellesskap som gjer rom for læring, meistring, gjensidig respekt og gode opplevingar

Formålet med klubbhandboka er at den skal vere eit hjelpemiddel for deg til å danne deg eit bilete av handballgruppa sine aktivitetar. Her finn du nyttig informasjon om visjon, verdigrunnlag, målsettingar, organisering, oppgåver og korleis vi jobbar for å nå målsettingane.

Vi har stort fokus på kompetanseutvikling og ynskjer å legge best mogeleg til rette for kvalitet i alle ledd. Dersom du har forslag til endringar eller nye tiltak er du hjarteleg velkommen til å komme med forslag.

Med helsing frå styret.

1. VISJON

Førde IL handball skal:

- vere attraktiv og satsande
- etablere seg som den beste klubben i fylket

2. VERDIGRUNNLAG

Førde IL handball skal vere eit positivt og inkluderande fellesskap som gjer rom for læring, meistring, gjensidig respekt og gode opplevingar

Som ei understøtting av verdigrunnet så følgjer Førde IL handball Handballforbundet sine Fair Play verdiar. Det betyr at alle spelarar, trenarar og oppmenn skal signere på eigen Fair Play-kontraktar, samt at alle foreldre/føresatt får eigen informasjon utlevert.

Sjå vedlegg 7,8 og 9.

3. MÅLSETJING

Førde IL Handball skal:

- Gje eit sportsleg og sosialt treningstilbod tilpassa dei einiskilde spelarane i alle årsklassar og på alle nivå både topp- og breddesatsing
- Utøve handballaktivitetar på høgast mogleg nivå, og gje utøvarane dei best moglege ferdigheiter med hovudvekt på humør, leik, trivsel, personleg vekst og auka sjølvkjensle.
- Rekruttere eigne spelarar til A-lagsstallen for seniorar
- Utdanne eigne trenarar og dommarar
- Ha ein velfungerande organisasjon med sunn og stabil økonomi.

Som grunnlag for den sportslege aktiviteten er det utarbeid ein Sportsleg plan – sjå vedlegg

4. ORGANISASJON

4.1 Årsmøtet

Årsmøtet er:

- Det øvste og bestemmande organ i handballgruppa
- Forutan godkjenning av vanlege årsmøtesaker, skal utviklingsplanar og målsettingar vurderast og godkjennast her.

4.2 Styret

Styret består av åtte medlemmar kor eitt medlem skal vere valt frå og av Sportsleg utval.

Styreleiar og kasserer vert valt på årsmøte. Styreleiar vert valt for eitt år om gangen mens resten av styret sine medlemmar vert valt for to år om gangen.

Det skal vere representantar frå begge kjønn; minimum to frå det underrepresenterte kjønn.

Styret består av følgjande medlemmar som har følgjande oppgåver:

Medlemmar	Arbeidsoppgåver
Leiar	<ul style="list-style-type: none">• Administrativt ansvarleg for drifta i handballklubben• Organisere og gjennomføre styremøte• Møte på hovudlaget / regionen sine møte og samlingar• Oppfølging av vedtak / kontraktansvarlig• Planlegge, gjennomføre og evaluere Førde- cup• Årsmøte, lage årsmelding og følgje opp årsmøtevedtak• Syte for at det vert oppretta et sportsleg utval
Nestleiar	<ul style="list-style-type: none">• Kontaktperson mot Region Vest når det gjeld:<ul style="list-style-type: none">○ Klubb e-post○ Påmelding av lag og dommarar til serien innan 1.mai• Stadfortredar for leiar
Kasserar	<ul style="list-style-type: none">• Utarbeide framlegg til årlege budsjett• Fakturere og føre rekneskap, og rapportere til styret• Utarbeide årsrekneskap
Styremedlemmar (4 stk)	<ul style="list-style-type: none">• Planlegging og gjennomføring av dugnader interne og eksterne• Sponsor-/marknadsarbeid• Utarbeide listar med oversikt over lag, trenarar, oppmenn og spelarar• Utdanning og oppfølging av eigne dommarar• Oppføring og oppfølging av oppmenn herunder organisering av møter• Ansvar for heimesida• Ansvar for innkjøp og forvaltning av utstyr• Bestille KID nr for 13 åringane samt nye spelarar i lisenssystemet• Administrere ferjebillett for laga• Innhente politiattestar frå nye trenarar og oppmann.• Rapportere kampresultat til Region Vest• Hente inn reiserekning i Førdehuset etter avslutta kamper

Medlemmar	Arbeidsoppgåver
Styremedlem frå sportleg utval	<ul style="list-style-type: none"> • Bindeledd mellom sportsleg utval og styret

4.3 Sportsleg utval

Sportleg utval er samansatt av trenarar i handballgruppa evt eksterne ressurspersonar, og består av 5 medlemmar kor eit medlem skal vere representert i Styret.

Sportsleg utval konstituerer seg sjølv.

Sportleg utval har følgjande oppgåver:

- Trenaropplæring og oppfølging av trenarar
- Utarbeide framlegg til treningstider i Førdehuset og leggje dette fram for styret for vedtak
- Evaluere sportsleg aktivitet gjennom sesongen og sende dette årleg til styret innan 31.12.
- Evaluere og revidere sportsleg plan
- Organisere handballskule og handballakademiet
- Påmelding til ekstern cup/ turnering herunder organisering av deltakinga
- Gjennomføre romjuls cup i Førdehuset
- SUM/ RUM kontakt

4.4 Valnemnd

Valnemnda består av avtroppande styremedlemmar, og fungerer i eitt år.

Oppgåver:

- Rekruttere medlemmar til styret, og meddele dette til styret innan 15. januar.

4.5 Funksjonar knytt til kvart einskild lag

Kvar lag skal oppnemne ein trenar og oppmann.

Dette skal vere klart og meldast styret innan 15. september.

Nye trenar og oppmann skal leggje fram politiattest snarast etter at dei har starta i funksjonen.

Under følgjer ein kortfatta oversikt over oppgåver til dei respektive funksjonar:

Funksjon	Hovudoppgåve
<p>Trenarar</p> <p><i>Leie den sportslege aktiviteten for sitt lag</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> • Planlegge og leie treningane i tråd med sportsleg plan • Følgje laget på kamp og turneringar • Saman med oppmann arrangere informasjonsmøter for foreldre/føresatte • Omberamme kampar i samsvar med retningslinjer frå RVN • Ta imot/gje beskjed ved endring av kampar • Kontaktperson ift. SUM og RUM aktivitetar

Funksjon	Hovudoppgåve
	<ul style="list-style-type: none"> • Delta på kurs og utdanningstilbod • Evaluere sesongen.
<p>Oppmenn</p> <p><i>Administrativt ansvar for sitt lag</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> • Utarbeide liste med oversikt over trenar, oppmann og spelarar, og melde dette til styret innan 15.9 • Utarbeide namnleg oversikt over foreldre/føresatte • Saman med trenar arrangere informasjonsmøte for foreldre/føresatte • Kontakt med foreldra -trenar • Organisere transport ved bortekampar, og sekretariat og fairplay- vertar ved heimekampar • Ta ut <i>kamprapport</i> på Region Vest sine heimesider før kampen, syte for at dette er korrekt utfylt etter kampen, melde inn resultatet pr telefon og leggje kamprapporten i postkassa i utstysrommet. • Levere ut <i>Dommarrekning for handball</i>, syte for at denne vert fylt av dommaren(ane) og betale dei kontant. • Melde inn behov for drakter og anna ustyr til styret • Følgje opp at spelarar betaler lisens til NHF • Innhente treningskontingent frå spelarane og betale dette samla inn til styret innan 1. okt • Organisere dugnader og lotteri som laget vert involvert i • Delta på møter som styret kallar inn til • Innhente Fairplay kontraktar frå spelarane
<p>Fair Play vert</p> <p><i>Fair Play verent skal vere nøytral, og fungere som ein tillitsperson for både dommarar og bortelag under deira besøk i hallen, og hjelpe til med praktiske ting slik at gjestane føler seg godt ivaretekne under besøket</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> • Ta i mot gjestande lag • Vise dommarane og bortelag garderobar. • Informere dommarane og bortelag om kampstart. • Informere dommarane og bortelag om draktfarge, evt. skaffe vestar i god tid før kampstart • Vere synleg under kampen ved å gå med Fair Play vesten • Oppstar det spesielle problem, kan dette noterast på kampskjema samt rapporterast til styret • Ta avskil med gjestande lag
<p>Foreldre</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Køyting til bortekampar • Sekretariat på heimekampar • Fair play funksjon på heimekampar – sjå eigen oppgåveliste • Stille på dugnad

Sjå og :

- Vedlegg 2: Instruks for oppmenn

- Vedlegg 3: Eksempel på oppsett for organisering av sekretariat, fairplay- vertar, kjøring m.v

5. HANDLINGSPLAN

Det skal lagast ein årleg handlingsplan som viser prioriterte /satsingsområde for sesongen. denne inngår som vedlegg 1 til klubbhandboka

Styret og sportsleg utval har ansvar for å utarbeide og godkjenne denne, og det skal skje på første styremøte etter årsmøte.

Handlingsplanen skal mellom anna innehalde:

- Sportslege prioriteringar
- Kurs og utdanning av trenere og dommarar
- Møteplan med oppmenn og trenere
- Miljøtiltak

6. DUGNAD

6.1 Generelt

I tillegg til treningsavgift er sponsorinntekter og dugnadsarbeid handballgruppa sine viktigaste inntektskjelder. Alle foreldre og føresette som har born med i Førde IL handball og aktive på senior/junior nivå, SKAL derfor delta på planlagde dugnadar i regi av Førde IL handball.

Det betyr at alle må vere budd på å delta på dugnad ved gjennomføring av Førde Cup, Sommarfesten, Romjuls cup og handballotteriet.

Inntekter frå desse dugnadane tilfaller Handballgruppa i sin heilheit.

Utover dette kan det einiskilde lag organisere/ta på seg eigne dugnader til inntekt for sitt eige lag. For å ha oversikt over omfanget av dette skal kvart lag melde all dugnadsaktivitet dvs type dugnad og inntekter til styret. Det bør primært skje før dugnaden tek til.

6.2 Førdecup

Førdecupen vert arrangert første helga i september og er eit omfattande arrangement som krev stor dugnadsinnsats. Om laget ikkje har på plass oppmenn så tidleg i sesongen, så er det avtroppande oppmann som har ansvaret for å organisere dugnadsarbeidet for laget.

I vedlegg 4 ligg oversikt over dei oppgåver som skal utførast.

6.3 Sommarfesten

Handballgruppa deltar i dugnadsarbeid i samband med Sommarfesten som vert arrangert i juni. Omfanget av dugnadsarbeidet er mindre og krev ikkje innsats frå alle laga. Derfor er det dei eldste laga (jenter 14 og oppover samt seniorlaga) som skal delta i dette.

Sjå vedlagde utkast til oppgåvefordeling; vedlegg 5.

6.4 Romjulscupen

Dette er ei lokal turnering som skjer i Førde og Florø annakvart år. Dugnaden her er avgrensa til kampavvikling.

6.5 Handballotteriet

Handballotteriet går til drift av Norges Håndballforbund. Alle lag tilslutta NHF er forplikta til å selje eit gitt tall lodd til den pris som Forbundstinget har bestemt. For 2011 er det 240 lodd pr. lag frå og med 12 år til ein pris av kr. 25. Handballgruppene må betale for NHF lodda.

Her er det spelarane som m på selje lodda mens foreldre i utgangspunktet er sjåførar.

7. ØKONOMI

7.1 Generelt

Tiltak/aktivitetar/innkjøp som medfører kostnadar som ikkje vert betalt/belasta det einskilde laget, men som skal betalast av Førde IL Handball, SKAL vere godkjent av styret/styreleiar før dei vert sett i verk.

Førde IL Handball har følgjande kontonummer: 3700 05 16423..

7.2 Honorar/godtgjersle i FIL handball

Følgjande gjeld:

- Styreleiar får kompensasjon til ein verdi av kr 5.000 pr år.
- Trenarar får fri treningsavgift for eitt barn.
Om vedkomande ikkje har born, får trenaren gåvekort tilsvarande treningsavgift for gjeldande lag
- Oppmenn får fri treningsavgift for eitt barn.
Om vedkomande ikkje har born, får oppmannen gåvekort tilsvarande treningsavgift for gjeldande lag

Om laget har fleire frivillige med liknande verv, kan desse dele kompensasjonen mellom seg.

Ordninga overfor omfattar ikkje minihandballen.

7.3 Treningskontingent

Alle spelarar skal betale treningskontingent.

Gjeldande satsar kjem fram i vedlegg 6.

Oppmann krev inn kontingenten frå spelarane på laget og betaler dette samla inn på handballgruppa sin konto innan 1. oktober.

7.4 Lisens

Alle spelarar over 13 år skal betale lisens til Norges Håndballforbund. Lisensen skal betalast frå 01.01. det året spelarane fyller 13 år. Det betyr at J/G 12 år skal betale lisens for siste halvdel av sesongen (halv pris). Spelarar som ikkje har betalt lisens har ikkje lov til å spele. Manglande betalt lisens ved lisenskontroll kvart halvår medfører bot og dermed dobbel utgift. Feil klubbtilknytnad medfører og bot og tap av poeng for alle spelte kampar så langt i sesongen. Bøter for manglande betalt lisens må laget betale sjølv.

Alle må bruke eige KID lisensnummer ved betaling av lisensen. Spelarane mottok lisenskrav i posten frå NHF så sant dei har betalt året før. Styret legg inn dei nye 13 åringane i lisenssystemet i god tid får jul og sender ut informasjon og lister til laga som viser KID nummer til den enkelte spelaren. Oppmannen er ansvarleg for at alle spelarane på laget mottok denne informasjonen.

Lisensen omhandlar ein forsikringsordning med to variantar kor spelarane får refundert utgifter ved skader. Eigenandel må spelarane dekke sjølv. Info finst på skjemaets bakside. Ved skade fylles ut eit eige skadeskjema. Lisensskjema og informasjon om forsikringsordninga finn du på www.handball.no under ”Lisens og forsikring” (venstre side).

7.5 Medlemskontingent FIL

Alle som deltar i handballgruppa sine aktivitet enten som spelar, trenar eller oppmann må være medlem av Førde IL.

7.6 Betaling av dommar(ar)

Kvart lag får overført pengar frå styret to gongar pr år (september og januar) for betaling av dommarar. Ubrukte midlar skal tilbakeførast ved sesongens slutt. Om overførte midlar er for lite, skal ein kontakte styret for å få overført meir midlar.

Kvart lag skal syte for at dommar(ane) får utlevert og fyller ut ”Dommarrekning for handball” og betale dommar(ane) kontant etter gjennomført kamp(ar).

Om dommaren(ane) skal dømme fleire kampar for fleire lag same dag, så er det laget kor dommaren(ane) dømme den siste kampen, som må ta inn rekning på reise og opphald og betale denne. Deretter skal reiserekninga(r) leggjast i lukka postkassa på utstyrrommet saman med utfylt kamprapport. Styret vil hente inn reiserekninga, og evt søkje regionen om dekking av midlar over kr 1000.

Same rutine gjeld om lag i Førde IL handball er ansvarleg for kampar på andre stader enn i Førdehuset.

7.7 Kostnadar ved transport til bortekampar

Kvart einskild lag må avgjere om ein skal krevje inn betaling for transport til bortekampar eller om dette vert gjort på dugnad kor alle foreldre deltek og tar sin del.

Førde IL Handball dekker ferjekostnadane. Billettartabattkort til dette får ein ved på kontakte styret.

7.8 Sponsorar

Førde IL- Handball har inngått avtale med eigne sponsorar. Det einskilde lag har derfor ikkje høve til å inngå avtale med andre sponsorar. Er ein i tvil skal styret kontaktast.

Sponsorane sine segl ligg på utstysrommet i Førdehuset og skal nyttast ved alle seniorkampar og større arrangement som Førdecup

7.9 Billettsal ved heimekampar

Det skal ikkje vere billettsal ved aldersbestemte kampar. Unntaket er ved 3. divisjonskampar.

Her skal prisen vere: Vaksne kr 50. Born (12-16) kr 20.

Spelarar i Førdedrakt og oppmenn/trenarar skal ha gratis inngang.

Dette skal oppmenn i seniorgruppa organisere.

Ved cupkampar er det obligatorisk billettsal jfr retningslinjer frå Handballforbundet.

7.10 Bot og gebyr

Handballklubben får bot/gebyr for følgjande forhold:

- Omberamming av kampar etter at terminliste er fastsett
- Om lag ikkje møter til kamp
- Trekking av lag
- Dommar som ikkje møter
- Nytte spelarar som ikkje har betalt lisens

Nærare omtale av dette kan lesast på Region Vest sin internettside *Kampreglement for NHF Region Vest* og *Bestemmelser*

Dei tilhøva som fører til økonomiske meirkostnadar for handballgruppa, skal godkjennast av styret før dei vert sett i verk.

8. UTSTYR

8.1 Avtale og innkjøp av sportsutstyr

Førde Idrettslag har bindande innkjøpsavtale av sportsutstyr med Sporten Førde Sport AS. Dette betyr at alle innkjøp handballgruppa gjer på utstyr og materiell må gå gjennom denne avtalen. Dersom avtalen ikkje dekkjer handballgruppa sitt utstyrsbehov, må dette avklarast med hovudstyret i Førde Idrettslag.

Innkjøp av utstyr utover det som laga betaler sjølve, skal skje ved bestilling til styret.

Sporten Førde Sport AS arrangerer klubbkveldar eller klubbveker der ein får gode rabattar på relevant sportsutstyr. I tillegg vil omfaget av kjøp på Sporten påverke storleiken på bonusutbetalinga til handballgruppa.

8.2 Treningsutstyr/materiell i Førdehuset.

Handballgruppa har fått tildelt eit rom i hallen til oppbevaring av treningsutstyr. Alle lag ved trenar har tilgang til rommet, som til ei kvar tid skal vere avlåst. (Førdehuset har reservenøkkel/tilgang til rommet ved behov.)

Her skal det til ei kvar tid vere følgjande materiell:

- treningsvestar (ulike fargar)
- kjegler
- medisinskrin
- isposer og sportstape

Kvart einskild lag v/ trenar (oppmann/ andre) som nyttar dette utstyret, er ansvarlege for at dette blir sett på plass etter bruk.

Dersom det blir oppdaga manglar ved utstyret, må den som registrerer mangelen gje melding til styret. Styret er ansvarleg for å supplere utstyret.

8.3 Personlig utstyr/materiell

Det blir forventat at kvar enkelt spelar/utøvar kjøper ball i riktig storleik, og evt. anna utstyr (klister m.m.) som ein sjølv treng for å utøve aktiviteten.

8.4 Kjøp av spelardrakter

Spelarane skal sjølve eiga drakta si.

Dei laga som treng nye drakter til spelarane skal derfor oppta bestilling i sitt lag og melde inn samla til styret:

- tal drakter – storleik – nummer på drakta og evt namn på drakta (kvar bokstav kostar kr 5).

Pris for ny drakt er pr dd kr 350. Handballgruppa sponsar kvar drakt med kr 100. Eigenbetalinga vert kr 250.

Draktene vert levert ut når laget stadfester at dei har betalt inn den samla eigenadelen til Førde IL

Handball.

Minihandballen får utlevert drakter til låns frå handballgruppa.

8.5 Dommarutstyr

Handballgruppa dekkjer/skaffar følgjande utstyr til aktive dommarar:

- Fløyte og dommerkort: Ved dømning ved minikampar og årsklasse 10 og 11 år
- Dommartrøye og shorts og kort: Ved godkjent dommar 1- kurs
- Overtrekksdress og treningsbagg: Ved godkjent dommar 2- kurs

Ved ”aktive” meiner vi dømning i eigen regi, i regi av regionen og under eigne cupar som Førdecup og Romjuls cup.

9. INFORMASJON

9.1 Internettside

Førde IL-Handball har ei eiga nettside; www.fil-handball.no

Her finn du mykje nyttig informasjon om korleis handballgruppa er organisert, kontaktinfo til styremedlemmane og sportsleg utval, liste over oppmenn og trenarar, klubbhandboka vår, samt generell informasjon om føreståande aktivitetar.

Nettsida er vår hovudkanal for informasjon til spelarar og foreldre. Styret er ansvarleg for å halde denne oppdatert.

For at sidene våre skal vere aktuelle og oppdaterte er det viktig at foreldre og andre sender inn bilete, referat frå kampar, turneringar m.v. til styret.

Norges håndballforbund sine nettsider finn du på www.handball.no. Vel Region Vest kor vi høyrer til. Her finn du mellom anna resultat/terminliste og anna relevant informasjon.

9.2 Årshjulet

Under står dei viktigaste hendingar gjennom året:

Månad	Andre oppgåver/aktivitetar
August/september	<ul style="list-style-type: none">• Førdecup (første helga i september)• Utarbeide liste med oversikt over trenar, oppmann og spelarar, og melde dette til styret innan 15.9• Møte for oppmenn• Endeleg kampoppsett for sesongen• Oppmenn set opp og sender ut fordeling av oppgåver• Betale spelarlisens• Sesongstart

Månad	Andre oppgaver/aktiviteter
	<ul style="list-style-type: none"> • Bestille KID nr for spelarar som er 13 år og eldre og som ikkje har dette frå før • Arbeide med sesonghefte
Oktober/november	<ul style="list-style-type: none"> • Innhente treningskontingent frå spelarane og betale dette samla inn til styret innan 1. okt • Foreldremøte • Handballskule (i haustferien) • Lisenskontroll • Bestilling av lodd • Bestille KID nr for 12 åringane som vert 13 år på nyåret • Bestille Førdehuset til Førdecup
Desember	<ul style="list-style-type: none"> • Romjulscup • Lisensbetaling for 12 åringar (1/2 – sesong) • Årsmelding frå sportsleg utval til styret • Innmelding av Førdecup til Region Vest
Januar/Februar	<ul style="list-style-type: none"> • Innspel til budsjett og saker årsmøte • Årsmøte – årsmeldingar
Mars/April	<ul style="list-style-type: none"> • Sesongslutt • Deltaking i evt cuper • Melde på lag til neste sesong til styret
Mai/juni	<ul style="list-style-type: none"> • Påmeldingsfrist for lag og dommarar 1. mai • Innmelding av behov for treningstider i Førdehuset innan 15. mai • Start førebuing Førdecup • Bestill Førdehuset om Romjulscupen skjer i Førde • Gjensidig handballskule i okt må bestillast innan 1.juni til regionen
Juli	<ul style="list-style-type: none"> • Kampoppsett blir sendt ut

Vedlegg

- Vedlegg 1: Handlingsplan
- Vedlegg 2: Instruks for oppmenn
- Vedlegg 3: Eksempel på oppsett for organisering av sekretariat, fairplay- vertar, kjøring m.v
- Vedlegg 4: Dugnadsoppgåver Førde cup – sjå eige excelark
- Vedlegg 5: Dugnadsoppgåver Sommarfesten – sjå eige excelark
- Vedlegg 6: Treningskontingentsatsar
- Vedlegg 7: Fair Play kontrakt spelarar
- Vedlegg 8: Fair Play kontrakt for trenar og oppmann
- Vedlegg 9: Fair Play informasjon til foreldre/føresette

Vedlegg 1: Handlingsplan 2011 - 2012

Nr	Tiltak	Tal	Dato	Ansvar	Merknad
1.	Delta med lag i serien	22 lag	Sesongen 2011-2012	Sportsleg utval	
2.	Delta med lag i minihandballserien	3 grupper	Sesongen 2011-2012	Sportsleg utval	1 grp: f. 2002 2 grp: f 2000-2001
3	Akademitilbod for elvar på vgs	Ca 20	Frå skulestart –til ut april Dagtid 2 g pr veke	Sportsleg utval	
4	Akademitilbod for elvar på ungdomskule	Ca 30	Frå skulestart –til ut april 1 kveld pr veke	Sportsleg utval	
5	Opningscup i Bergen	3 lag frå senior og juniorsatsing	26-28.aug	Sportsleg utval	
6	Handballskulen	Ca 50	Haustferie	Sportsleg utval	Målgruppe: Elevar på barneskulen
7	Førde cup	Alle lag	2-4. sep		
8	Romjuls cup	Alle lag	28 des		
9	Delta på fellescup	Alle lag	Vår 2012	Sportsleg utval	
10	Trenar 2-kurs	15 trenarar	27-28 aug Ei oppsamlings-helg	Sportsleg utval	Ferdig før seriestart. - 5 gjenstår med ein modul - 10 behov oppsamling
11	Dommar – 1 kurs		Vår 2011	Styret	
12	Klubbdommarkurs	Spelarar f. 1996-1997	Haust 2011	Styret	
13	Styremøter	Styret	14.4, 10.5, 8.6	Styret	
14	Trenarmøter	3 møter		Sportsleg utval	
15	Oppmannsmøter	3 møter		Styret	

Handlingsplanen skal mellom anna innehalde:

- Sportslege prioriteringar
- Kurs og utdanning av trenere og dommarar
- Møteplan med oppmenn og trenere, Miljøtiltak

Vedlegg 2: Instruks for oppmenn

Velkommen som OPPMANN i handballgruppa.

Styret i handballgruppa set stor pris på at du har påtatt deg ansvaret som oppmann. Oppmannen har ei svært viktig rolle som administrator av laget.

Utan eit godt samarbeid med og god støtte frå oppmenna er det ikkje mogeleg å gje våre born og unge eit godt sportsleg tilbod og trygge rammer rundt det einstilte handballag.

Formålet med informasjon er at den skal være et **hjelpemiddel for deg i ditt arbeid som oppmann**. I tillegg til klubbhandboka for handballgruppa, håper vi at du ved å lese gjennom instruksane har eit godt verktøy til løyse dei oppgåvene som oppmannen må utføre.

Vi ber om tilbakemelding dersom du har forslag til endringar. Innspel, konstruktive forslag og positivt engasjement set vi pris på.

Er det noko du lurar på ta kontakt med leiar i handballstyret. Handballstyret har som mål å ha to møter med oppmennene pr sesong. Om hausten i samband med Førde-Cup og våren etter sesongslutt.

LYKKE TIL !

Oppgaver

(Henta frå Klubbhandboka pkt 4.5)

- Utarbeide liste med oversikt over trenar, oppmann og spelarar, og melde dette til styret innan 15.9
- Utarbeide namnleg oversikt over foreldre/føresatte
- Saman med trenar arrangere informasjonsmøte for foreldre/føresatte
- Kontakt med foreldra -trenar
- Organisere transport ved bortekampar, og sekretariat og fairplay- vertar ved heimekampar
- Ta ut *kamprapport* på Region Vest sine heimesider før kampen, syte for at dette er korrekt utfylt etter kampen, melde inn resultatet pr telefon og leggje kamprapporten i postkassa i utstysrommet.
- Levere ut *Dommarrekning for handball*, syte for at denne vert fylt av dommaren(ane) og betale dei kontant.
- Melde inn behov for drakter og anna utstyr til styret
- Følgje opp at spelarar betaler lisens til NHF
- Innhente treningskontingent frå spelarane og betale dette samla inn til styret innan 1. okt
- Organisere dugnader og lotteri som laget vert involvert i
- Delta på møter som styret kallar inn til
- Innhente Fairplay kontraktar frå spelarane

Vedlegg 6: Treningskontingentsatsar sesongen 2011- 2012

Aldersgruppe	Type lag	Årskostnad kr
	Minihandball	750
10 – 11 år	Litlejente/ lillegut	1300
12 år	Småjente/ smågut	1600
13 - 15 år	Jente/ gut	1900
16 - 18 år	Junior	2100
	Senior	2600



Førde IL Handball

Fair Play Kontrakt

Denne kontrakten gjeld for alle **handballspelarar** i Førde IL Handball . Den er ein del av Fair Play-programmet som omfattar heile handballsporten. Det viktigaste i Fair Play er respekt: Respekt for dommaren, respekt på bana og respekt i hallen.

Dette er Fair Play-reglane:

- Du skal respektere trenaren, dommaren og spelets reglar
- Du skal vise respekt for laget og lagkameratane dine
- Du skal vise respekt for alle dine motspelarar
- Du skal ikkje vere med på mobbing, rasisme og annan dårleg oppførsel
- Du skal møte presis til alle avtalarer og rydde etter deg i hallen og garderoben
- Du skal tape og vinne med samme sinn

Underteikna lover å følgje Fair Play-reglane. Til gjengjeld lovar trenar og klubb å legge til rette for at alle har det gøy med handballen og at sporten vert prega av respekt, rettferdigheit og positive haldningar.

Det handlar om respekt, ikkje sant?

Stad/dato

Spelar

Føreset
(når spelaren er under 13 år)

Trenar/oppmann



Etter signering, skal desse skjema oppbevarast hos oppmann.



Et samarbeidsprogram mellom Norges Håndballforbund og Norsk tipping



Førde IL Handball

Fair Play Kontrakt

Denne kontrakten gjeld for alle **trenarar/oppmenn** i Førde IL Handball. Den er ein del av Fair Play-programmet som omfattar heile handballsporten. Det viktigaste i Fair Play er respekt: Respekt for dommaren, respekt på bana og respekt i hallen.

Dette er Fair Play-reglane som underteikna lover å følgje:

- Du skal respektere dommaren, motstandaren og klubben din
- Du skal vise respekt for laget ditt, klubben din og spelarane dine
- Du skal vise respekt for alle dine motspelarar
- Du skal vere eit forbilde som tek avstand frå mobbing, rasisme og anna dårleg oppførsel
- Du skal møte presis til alle avtalar og rydde etter deg i hallen og garderoben
- Du skal tape og vinne med same sinn
- Snakk med spelarane dine om Fair Play, respekt, verdiar og haldningar før, under og etter sesongen
 - Bidra til at alle trivast og har det gøy med handballen

Underteikna lover å følgje Fair Play-reglane. Til gjengjeld lovar klubben å legge til rette for at alle har det gøy med handballen og at sporten vert prega av respekt, rettferdigheit og positive haldningar.

Det handlar om respekt, ikkje sant?

Stad/dato

Trenar/oppmann

Styreleiar
Førde IL Handball



Etter signering, skal desse skjema oppbevarast av styret.



Et samarbeidsprogram mellom Norges Håndballforbund og Norsk tipping



Førde IL Handball

Fair Play informasjon

Denne informasjonen er til alle **foreldre/føresette** i Førde IL Handball. Den er ein del av Fair Play-programmet som omfattar heile handballsporten. Det viktigaste i Fair Play er respekt: Respekt for dommaren, respekt på bana og respekt i hallen.

Dette er foreldrevettreglane:

- Møt opp på trening og kampar - borna ynskjer det
- Gje oppmuntring til alle spelarane under kamp. Ikkje berre dine egne born.
- Gje oppmuntring i både medgang og motgang - ikkje gje kritikk
- Hjelp barnet ditt til å tåle både seier og tap
- Støtt dommaren - ikkje kritiser dommaravgjersler
- Respekter lagleiar sin bruk av spelarar
- Vis respekt for det arbeidet klubben gjer - tilby di hjelp
- Hugs at det er barnet ditt som spelar handball - ikkje du

"Vi står saman om Fair Play"

Det handlar om respekt, ikkje sant?

Stad/dato

Førde IL Handball



Et samarbeidsprogram mellom Norges Håndballforbund og Norsk tipping